



*Ulla Skulehus*

*Skjapa 11. april 2009*

*Haramsøy*

*Bygd i 1886*

---

## ÅRSMELDING 2011/2012

### 1. Årsmøte 18. juni 2011

Årsmøtet vart halde på skulehuset. Møtet gjekk greit.

### 2. Styremøte 2011/2012

Styret har hatt 1 møte siste året.

### 3. Kulturelle aktivitetar

Vi har hatt ein kulturell aktivitet i 2011. Klæberget hadde også i år sommarbutikk med sal av heimelaga produkt under Ulla-festen siste helga i juli. Det vart ein nok ein suksess. Mange stakk innom og kjøpte seg fine og nyttige ting. Det vart også godt økonomisk resultat for dei som laga til butikken, og Ulla Skulehus fekk kr 5000 i inntekt av sal av kaffi og kaker.

### 4. Dugnad og vedlikehald

I samband med årsmøtet den 18. juni 2011 var det dugnad. Tak, veggjar og golv i klasserommet vart måla, og vi sette på nye lister på dører og vindu mot aust. Dei to vindua mot sør er rotne og skal skiftast i 2012, så dei blir lista etter at nye er sette inn. Golvlistene skal også påsetjast i 2012. To nye vindu vart kjøpte inn og står klar til å setjast inn.

### 5. Økonomi

Vi har pr 30. april 2012 til saman 73 medlemmer, derav 5 barn. Vi hadde som mål å nå 100 medlemmer i 2011, men det lykkast ikkje. Vi hadde inntekt av medlemskontingent og sal av vaflar og kaffi i samband med Ulla-festen og inntekt frå Klæberget. Ved utgangen av rekneskapsåret 30. april 2012 var det kr 14675,00 innestående på bankkontoen. Då er vindua betalte med til saman kr 19685. Sjå rekneskap for 2011/2012.

Sjå elles fullstendig dokumentasjon på heimesida: [ullanett.com](http://ullanett.com)

For styret 8. mai 2012

Knut Hallvard Ulla  
styreleiar og kasserar